

Anders Fjell
Nordhaugvegen 20 A
5363 Ågotnes

Dato: 20.02.2018
Vår ref.: 2018/7804-2
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Klage på vedtak - Fv 211 - Nordhaugvegen

Vi viser til dykkar brev av 17.02.18.

Vi kan ikkje sjå å ha sendt noko brev til dykk i ei slik sak. Vi ber dykk difor gje oss referansenummeret på brevet de viser til. Dette finn de øvst til høgre på brev frå oss.

Til orientering gjer fylkeskommunen ikkje vedtak i avkøyrlesaker innan ei eventuell klage er handsama av Statens vegvesen. Dersom brevet de viser til gjeld eit vedtak gjort av Statens vegvesen i avkøyrlesak, må de eventuelt sende klage på vedtaket til Statens vegvesen. Dersom Statens vegvesen i så fall opprettheld sitt vedtak, vil Statens vegvesen sende saka over til fylkeskommunen, som vil gjere endeleg vedtak i saka.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.